



Knarvik 12.12.18

## INVITASJON TIL DELTAKING I NORDHORDLANDSPROSJEKTET – SAMAN OM VELFERDSTEKNOLOG

Nordhordlandsprosjektet - Saman om velferdsteknologi og Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester i Hordaland (USHT) - rettar med dette spørsmål til andre kommunar i Hordaland om å delta i søknad til Helsedirektoratet om velferdsteknologiske løysingar i 2019. Vi gir følgjande opplysningar;

Det er no kome utlysing av nye tilskot til innføring av velferdsteknologiske løysingar, jfr. Helsedirektoratet, kap. 761, post 68. <https://helsedirektoratet.no/tilskudd/omsorgsplan-2020-innforing-av-velferdsteknologiske-losninger>

Dette er ei vidareføring og utviding av eksisterande tilskotsordning, der Nordhordlandsprosjektet - Saman om velferdsteknologi (NHP), er ein del av det nasjonale velferdsteknologiprogrammet.

Prosjektorganisering og samarbeidsavtale vil bli gjennomgått og revidert i fellesskap av kommunane som skal delta.

Det er i denne utlysinga kome nye tillegg og presiseringar:

*«Samarbeidsprosjekter som er med i Nasjonalt program for velferdsteknologi vil bli prioritert.*

*For nye søknader vil prosjekter med samarbeid mellom flere kommuner bli prioritert.*

*For å bli prioritert må prosjektet være i samsvar med fylkets spredningsstrategi, dette gjelder både prosjekter som er med i Nasjonalt program for velferdsteknologi og nye.*

*Det skal oppgis hvilken kommune som er ansvarlig søker. Bekreftelse om deltagelse fra de ulike samarbeidspartene skal følge søknaden. Samarbeidsprosjektene kan for eksempel bestå av kommunar, utviklingssentre for sykehjem og hjemmetjenester, interkommunale selskap og ressurskommunar (kommunar som var med i utviklingsfasen for trygghet og mestring i Nasjonalt program for velferdsteknologi).»*

Siktemålet med utviding til fleire kommunar er å få til betre spreining av det nasjonale velferdsteknologiprogrammet.

Styringsgruppa for Nordhordlandsprosjektet har i møte 03.12.18 bedt om at prosjektet tek kontakt med andre kommunar i forkant av denne søknaden. Dette for å undersøke om kva interesse andre kommunar har av å delta i ny søknad i regi av Nordhordlandsprosjektet. Nye kommunar vil då inngå som part i dette prosjektet, og det vil bli kravd samarbeidsavtale på same vis som dei 10 Nordhordlandskommunane har i dag. Vi vil ha samarbeid med KS både lokalt og sentralt i den vidare handteringa av saka.

I første omgang ber vi om at kommunar melder interesse/ikkje interesse i å delta i denne søknaden, innan 7. jan 2019. Vi vil legge dette fram for styringsgruppa i møte 11. jan. Vi gjer merksam på at det er styringsgruppa i Nordhordlandsprosjektet som tek endeleg avgjerd om kva kommunar som blir

med i ny søknad til Helsedirektoratet/Fylkesmannen. Samarbeidsavtaler og andre formalitetar omkring søknaden må bli gjort i tida frå 12. jan. og fram mot søknadsfristen som er 01.02.19.

Ved spørsmål eller anna kan de ta kontakt med;

prosjektleiar Kari Bjørkheim i Nordhordlandsprosjektet:

[kari.eidnes.bjorkheim@masfjorden.kommune.no](mailto:kari.eidnes.bjorkheim@masfjorden.kommune.no)

tlf. 97562026

Per Waardal ved USHT Hordaland:

[per.waardal@bergen.kommune.no](mailto:per.waardal@bergen.kommune.no)

tlf. 92847577

Vedlagt finn dykk prosjektbeskriving for søknad til det nasjonale velferdsteknologiprogrammet 2017 og utkast for samarbeidsavtale.

Her finn dykk til link til heimesida til Nordhordlandsprosjektet – saman om velferdsteknologi:

<http://nordhordlandsprosjektet.no/>

